



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for Alver

Utval	Kyrkjeleg fellesnemnd
Møtedato	Tysdag 28.november 2017
Møtetid	Kl. 16.00-18.00
Møtestad	Møteplassen (Meland kyrkjelyd sitt lokale), Frekhaug torg, 2 etasje over apoteket.

Desse møtte:

Frå Lindås kyrkjelege fellesråd: Ivar Eidsheim, Turid Sporsheim Tvedt, Harald Osland Øvretveit

Frå Radøy sokneråd: Gunnar Kartveit, Grethe Lunde

Vara: Kirsten Skage Mellingen, Tore Morland

Frå Meland sokneråd: Bent Gunnar Næss, Einar Reigstad Vara: Regine Sagstad Berg

Frå kommunal fellesnemnd: Bjarte Vatnøy

Geistleg representant: Geir Sørrebø (prost i Nordhordland)

Kyrkjeverjene i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug, John William Kay til sak 05/17 IKT-strategi.

Prost Geir Sørrebø starta møtet med ord for dagen.

Anne Sofie Nergård Uthaug opna møtet og var møteleiar i sak 01/17 og sak 02/17 punkt a.

Grethe Lunde leia møte fra sak 02/17 punkt b.

Sakliste

01/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

- a. Godkjenning av innkalling
- b. Godkjenning av saksliste

Vedtak: Godkjent uten merknader.

02/17 Konstituering

- a. Val av leiar
- b. Val av nestleiar
- c. Val av referent

Vedtak: Grethe Lunde-leiar, Bent Gunnar Næss-nestleiar, Audun Sylta-referent.

03/17 Orientering om status

Prosjektoversikt. Orientering ved Anne Sofie Nergård Uthaug

04/17 Fullmakter for fellesnemnda

Orientering ved Audun Sylta. Det vart gjort 3 endringar i avnittet "Andre forhold".

Femte avsnitt 1. pkt. : "i alle avgjerder" vert tatt bort.

Femte avsnitt 2.pkt. : Sett inn : " i einskildsaker" etter ordet mogeleg. Ny setning:
Dersom dette ikkje er mogeleg i einskildsaker skal kyrkjeleg fellesnemnd.....

Nytt sjette avsnitt: Fellesnemnda skal i prosjektperioden gje jamleg tilbakemelding til fellesråda i dei tre kommunane.

Vedtak:

Fellesnemnda sluttar seg til framlegg til vedtak med endringane ovanfor.

Fullmakta vert lagt fram for Lindås kyrkjelege fellesråd, Meland sokneråd og Radøy sokneråd som må gjera likelydande vedtak.

05/17 IKT-strategi - orienteringssak

William Kay orienterte om arbeidet med IKT-strategi for det nye fellesrådet. Det vart framheva at ein god dialog med Kirkepartner er viktig når det gjeld innføring av nye løysingar.

Fellesnemnda må ta saka opp til handsaming når det føreligg tildeling frå kommunal fellesnemnd.

06/17 Utkast til prosjektsøknad med budsjett til kommunal fellesnemnd - orienterings sak

Anne Sofie Uthaug og Torgeir Paulsen orienterte. Kyrkja sine tal må vera godt grunngjevne og søknaden oversiktleg. Det er viktig å få ei snarleg avklaring på tildelinga frå kommunal fellesnemnd.

Saka må tas opp på neste møte og søknaden må sendast snarast råd.

07/17 Kartlegging

Saka vart utsett til neste møte.

08/17 Drøfting av prosjektorganisering - orienterings sak

Kyrkjeverjene har drøfta moglege løysingar på prosjektorganiseringa. Dei vil rå til at ein tek i bruk interne ressursar til prosjektleiing og prosjektarbeid. Føresetnaden er at det blir mogleg å avlaste dei som får meirarbeid i prosjektet i det daglege arbeidet. Denne løysinga i ulike variantar er også valt i andre samanslåingsprosjekt.

Saka vart utsett til neste møte.

09/17 Møteplan

Vedtak:

Onsdag 10.01 kl. 16.00 Stad: Manger

Onsdag 21.03 kl. 16.00 Stad: Knarvik

Onsdag 30.05. kl. 16.00 Stad: Frekhaug

10/17 Oppretting av arbeidsutval.

Kyrkjevergene har så langt førebudd sakene og vore sekretær for utvalet. Det er trong for å oppnevne eit arbeidsutval der nokre frå fellesnemnda saman med kyrkjevergene kan førebu sakene i forkant av møta.

Desse vart valgt:

Grethe Lunde, Radøy - Bent Gunnar Næss, Meland - Harald Osland Øvretveit, Lindås.

Audun Sylta

referent